



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**Minikonkurranse til HFK-15-0372  
Rammeavtale på transportfagleg plan- og utgreiingsarbeid**

## **Pakke 1**

**Minikonkurranse Reiseliv og infrastruktur på  
fylkesvegnettet**

## 1 Oppdraget og administrative føresegner

### 1.1 Kort skildring av leveransen

Hordaland fylkeskommune (HFK) inviterer dykk til å delta i minikonkurranse om levering av konsulenttenester i samband med prosjekt om reiseliv og infrastruktur på fylkesvegnettet. Oppdraget er nærmere skildra i punkt 2 nedanfor.

Følgjande tildelingskriterier vil bli lagt til grunn: Kompetanse og erfaring, oppgåveforståing/løysingsframlegg og pris. Timesprisen i minikonkurransane kan ikkje vere høgare enn prisen som er tilbydd i konkurransen.

### 1.2 Tidsplan

Dato	Aktivitet
16.05.2017	Minikonkurranse publisert
19.05.2017	Frist for å stille spørsmål i konkurransen
24.05.2017	Tilbodsfrist kl. 12:00
Veke 22	Tilbodsevaluering og val av tilbod (estimat)
Veke 23	Kontraktinngåing (estimat)

### 1.3 Oppdragsgjevar sin kontaktperson for minikonkurransen

Namn: Matti Torgersen

E-postadresse: matti.torgersen@hfk.no

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjever enn nemnde kontaktperson.

Eventuelle spørsmål skal silla via spørsmålsfunksjonen i HFK sin leverandørportal – ikkje per e-post til kontaktpersonen. Tilboden skal også leverast via leverandørportalen. Lenke til leverandørportalen:

<https://anskaffingar.hfk.no/Avantra/Customer/Hordaland/Modules/Purchase/Published/>

## 2 Krav til ytinga og tildelingskriterium

### 2.1 Kravspesifikasjon

HFK stiller høge krav til kompetanse og erfaring hos tilbodne konsulentar.

Ønska kompetanse for dette oppdraget:

- Konkret kompetanse/erfaring innanfor områda som er spesifisert i avsnitt 2.1.
- Konkret erfaring med prosessleiring og kreative prosessar.

#### Oppdragsbeskriving:

Hordaland er eit stort reiselivsfylke, og reiselivet er eit satsingsområde for fylkeskommunen. I Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017 er næringslivet peikt på som ei næring med særskilt merksemd og ein bransje der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne og internasjonal konkurranseskraft. Fylkesutvalet i Hordaland har sluttat seg til ein felles reiselivsstrategi for Vestlandet, der eit av hovudgrepa er enklare kommunikasjon

inn til landsdelen, og meir saumlause reiser internt i fylka og over fylkesgrensene. Tilgjengeleghet og fysisk infrastruktur vert ofte trekt fram som viktig for ei konkurransedyktig reiselivsnæring i Norge.

I høyringsutkastet til Regional Transportplan 2018-29 er det lagt inn framlegg om to prosjekt knytt til samferdsel og reiseliv. Dette er:

**Tiltak 5.6 Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet**

**Tiltak 6.1 Reiseliv og kollektivtransport**

I første omgang ønsker vi å prioritere tiltak 5.6 Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet. Tiltak 6.1. Reiseliv og kollektivtrafikk skal startast opp i 2018, etter at vi også har innhenta erfaring fra tiltak 5.6. Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet.

Målet er å identifisere og føreslå tiltak innanfor samferdsel for å styrke reiselivsnæringa i fylket og bidra til å leggje til rette for eit berekraftig reiseliv. Prioritering og tiltak skal innarbeidast i Investeringsprogram for fylkesvegnettet for Regional transportplan 2018-29 og gjennom regionale utviklingsmidlar.

Det er lagt til grunn at prosjektet skal gjennomførast med følgjande fasar:

1. Kartleggingsfase. Det vert utforma ei bestilling til Statens Vegvesen om å kartlegge tilstanden knytt til reiselivsnæringa. Kartlegginga skal omfatte riksvegar og overordna fylkesvegar med utgangspunkt i Vegdatabank for heile fylket. Kartlegginga vil omfatte andre vegar der dei er av særleg betydning med omsyn til reiselivet. Kartlegginga skal supplerast av destinasjonsselskapa. For spesielt viktige vegstrekningar for reiselivet kan det vere aktuelt å innhente ytterlegare data. Konsulent skal samordne og systematisere kartlegginga.
2. Utfordringsfase. Med grunnlag i kartlegginga, vert utfordringane for reiselivsnæring med relasjon til infrastruktur kartlagd, og reiselivsnæringa sine behov og moglege modellar for drift og vedlikehald skal vurderast.
3. Tiltaksutviklingsfase. Med utgangspunkt i utfordringsfasen, vert tiltak utforma og prioritert. Tiltak kan vere offentlege tiltak, men også iverksetjast av private eller i samarbeid mellom private og offentlege aktørar. Tiltaka må kostnadsutrekna både for investering og drift. Tiltaksutviklingsfasen skal særleg fokusere på utvalde vegstrekningar.

Dei utvalde vegstrekningane er Rv7 Hordaland grense-Granvin, E16 Hordaland grense-Trengereid, Rv13 Jøsendal-Vikafjellet, Fv7 Granvin-Trengereid, Fv 551 Rosendal-Odda samt Fv 550 Jondal-Utne- Odda. Dette kan bli justert under vefs i prosjektet.

Sentrale tema i prosjekter blir:

- Rasteplassar: Vurdere om det er eit føremålstenleg nett for rasteplassar, kva standard dei bør ha, og kartlegge serviceavtalar og modellar for drift.
- Toalett: Kartlegge kva for avtalar som gjeld i dag, vurdere behovet for toalettfasilitetar, og kome med framlegg til modellar og avtalar for service og vedlikehald.
- Ferjekaiar og ferjer: I samband med nye ferjekontraktar, vert mange ferjekaiar utbeta. Vurdere korleis ein kan sikre at ferjekaiane og ferjene vert meir attraktive for turistar, m.a. med relevant informasjon. Det er gjennomført ein kartlegging av fasilitetar ved ferjer og ferjekaiar reint generelt, i dette prosjektet skal det særleg vurderast tilrettelegging for turistar.
- Knutepunkt: Vurdere kva for behov turistar har for informasjon ved kollektivknutepunkt.

- Parkering ved sentrale reisemål: Kartlegge dagens parkeringsfasilitetar ved turistmål, og vurdere kapasitetsbehovet.
- Skilting av reisemål: Vurdere kva for behov det er for skilting til sentrale reisemål.
- Utsikt: Få oversyn over tilstand når det gjeld tilgroing og skog ved sentrale utsiktsstader. Vurdere standard og korleis ein kan sikre at kantrydding kjem med i vedlikehaldskontraktar
- Bubil: Få eit oversyn over parkering som er lagt til rette for bubar og kva for tilbod som finnast som renovasjon, tøyming av toalett mv, med service- og vedlikehaldsavtalar. Vurdere eit føremålstenleg nett for bobilparkering med servicefasilitetar

Konsulent kan i tilboden kome med vurderingar av om det er andre områder det kan vere aktuelt å fokusere på i utgreiinga med omsyn til å legge til rette samferdselsinfrastruktur for reiseliv.

Det kan i løpet av prosessen iverksetjast workshop, med HFK, SVV, Nasjonale turistvegar og destinasjonsselskapa, evt også Skyss. Det er aktuelt å trekke inn aktuelle kommunar og private aktørar, særleg knytt til tiltaksfasen. Om konsulent meiner det er føremålstenleg å gjennomføre prosjektet på anna måte enn gjennom workshop, må det spesifiserast i tilboden.

### **Framdriftsplan**

Arbeidet skal vere avslutta innan utgangen av 2017.

### **Avgrensing**

I første omgang vil prosjektet ikkje inkludere sykkelturisme.

Infrastruktur for kollektivtrafikk vert heller ikkje ein del av prosjektet, med unnatak av tiltak knytt til knutepunkt der tiltak kan kome både kollektivreisande og andre reisande til gode.

### **Organisering**

Fylkesdirektør for samferdsel i Hordaland fylkeskommune er prosjekteigar.

Ei prosjektsgruppe som blir leia av ei arbeidsgruppe beståande av representantar for Næringsseksjonen HFK (reiseliv), Samferdselsavdelinga HFK og Statens Vegvesen vil vere kontaktpunkt for konsulent, og vil ha det daglege ansvaret for å følgje opp konsulent.

Fylkesvegrådet (SVV og HFK) og Samhandlingsforum (Samferdselsavdelinga og Regionalavdelinga i HFK) vert referansegrupper for arbeidet. Før fase 2 og 3 blir avslutta, vert utkast lagt fram for referansegruppe. Konsulent må presentere status i referansegruppene.

Aktuelle kommunar må trekkjast inn i utfordrings- og tiltaksfasen. Omfang av kontakt med kommunane blir fastsett i samarbeid med prosjektgruppa.

### **Krav til rapport**

Sluttprodukt for prosjektet vil vere ein prosjektrapport med framlegg til tiltak. Det må utarbeidast eit kort notat medio juni 2017 med innspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet for Regional transportplan 2018-29.

### **Omfang**

Dersom det viser seg at kompetansen ikkje er tilfredsstillande, tek HFK etterhald om å kunne seie opp avtala.

Estimert omfang for oppdraget er inntil kr 400.000, men HFK ønsker opsjon på utviding ved behov. Dette avklarast seinast ei veke før utløpet av avtalt timebruk.

Ønsket oppstart er snarast mogleg etter at kontrakt er signert.

## **2.2 Tildelingskriterium og dokumentasjonskrav**

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut frå følgjande kriterium:

<b>Tildelingskriterium</b>	<b>Vekt</b>
Kompetanse/erfaring på tilbodne ressursar	50 %
Oppgåveforståing og løysingsframlegg	30 %
Pris	20 %

### **Tildelingskriterium «Kompetanse og erfaring på tilbodne ressursar»**

HFK ønsker seniorkonsulentar med tung kompetanse og erfaring innan infrastrukturutbygging og reiseliv, jf. avsnitt 2.1 over. Tilbydar skal dokumentere seniorkonsulentprofiler med både formalutdanning og erfaring, og det skal gå fram konkret kva tilsvarende prosjekterfaring seniorkonsulentane har frå før innanfor same type oppdrag.

Konsulent må også ha erfaring og kompetanse i gjennomføring av workshop og kreative prosessar.

Det skal også opplysast om referansar frå tilsvarende oppdrag. Tilbydar beskildre minimum to-aktuelle kandidatar.

### **Tildelingskriterium «Oppgåveforståing og løysingsframlegg»**

Tilbydar blir bedt om å skildre korleis ein har tenkt å løyse oppgåva inklusiv ein kort framdriftsplan.

### **Tildelingskriterium «Pris»**

Tilbyder skal opplyse om timespris for oppdraget. Timesprisen kan ikkje vere høgare enn prisen som er tilbydd i konkurransen.

## **3 Reglar for gjennomføring av minikonkurransen**

### **3.1 Anskaffingsprosedyre**

Konkurransen vert gjennomført som ein open anbodskonkurranse, med høve til å gjennomføre intervju av tilbydd ressurs viss oppdragsgjevar ønsker det.

### **3.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad**

Tilbodet skal leverast på elektronisk format i leverandørportalen til HFK;

<https://anskaffingar.hfk.no/Avantra/Customer/Hordaland/Modules/Purchase/Published/>

Tilbodet må innehalda komplett informasjon og dokumentasjon til å vurdere dei oppgjevne tildelingskriteria utan større avklaringar, jf. punkt 2.2

### **3.3 Tilbodsfrist og frist for å stille spørsmål**

Tilbodsfristen er 24. mai 2017 kl. 12.00.

Etter at tilbodsfristen er gått ut vil det ikke vere mogeleg å levere tilbod i leverandørportalen.

Frist for å stille spørsmål i konkurransen er 19. mai 2017. Eventuelle spørsmål skal stillast via spørsmålsfunksjonen i HFK sin leverandørportal – ikke per e-post til kontaktpersonen.

### **3.4 Vedståingsfrist**

Leverandørene er bunde av tilbodet til 15. juni 2017 kl. 24.00.

### **3.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving**

Tilbydarar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.